



## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Nils Moldøen	FE-240, FA-F00	19/277

Saksnr	Utval	Type	Dato
068/19	Formannskapet	PS	11.06.2019
042/19	Kommunestyret	PS	18.06.2019

### Samordning av sosialhjelpssatsar

#### Saksutgreiing:

##### Bakgrunn

Dei fem kommunane Fedje, Austrheim, Gulen, Modalen og Masfjorden er einige om å ha eit forpliktande samarbeid etter ein vertskommunemodell.

Masfjorden kommune er satt til å være vertskommune for dette samarbeidet og utbetalingane vil skje gjennom Masfjorden sitt økonomikontor og så vil ein krevje refusjon frå ei andre kommunane for innbyggjarar i andre kommunar.

Dei fem kommunane hadde til ein viss grad ulikskap på stønadsnivå. Vi har satt ned ei arbeidsgruppe samansett av sakshandsamarar frå alle kontora for å få til likebehandling i NAV Fensfjorden og felles forståing av lov og regelverk på området..

I forslaget skil vi mellom lovbestemte ytingar til livsopphald i Sosialtenestelova § 18 og ytingar i særskilte høve etter Sosialtenestelova § 19.

I dei sistnemnde sakene er størrelsen på ytinga underlagt skjønnsutøving med utgangspunkt i faktiske behov.

NAV har både ei rett og ei plikt til å utøve skjønn i kvar enkelt sak når vi yter ein stønad. Satsane er såleis rettleiande .

Ein tilrår at NAV Fensfjorden følgjer staten sine satsar. Desse blir revidert årleg i høve løns, pensjons og kostnadsutvikling i landet.

Statleg rettleiande månads-sats 2019:

Einslege	kr 6 150
Ektepar/Sambuarar	kr 10 250
Person i bufelleskap	kr 5 150
Barn 0-5 år	kr 2 400
Barn 6-10 år	kr 3 050



# Fedje kommune

Barn 11-17	kr 4 000
------------	----------

Desse satsane skal dekke utgifter til mat, klede, skor, vanlege hushaldningsutgifter til personleg hygiene og reinhald , daglege reiseutgifter og forsikringar.

I tillegg kan ein etter søknad få støtte til etablering, husleige, straum, stønad ved høgtider og dåp/navnedag/konfirmasjon, fødselsdagmarkeringar (eigen og veners), tv/internett/media, barnehage/sfo, skulestart, aktivitetar for barn, samværstillegg, lege/medisin, reiseutgifter/ bilutgifter og tannbehandling.

Det kan også i særlege tilfelle gis hjelp til midlertidig bustad og naudhjelp.

Dette er utgifter der ein har ein skjønnsutøving i kvar enkelt sak og det er difor problematisk å fastette satsar for kor mykje ein skal gje i kvart enkelt tilfelle.

## **Forslag til vedtak:**

NAV Fensfjorden vil følgje statens rettleiande statsar for økonomisk stønad, med dei reguleringar som blir gjort årleg.

Når det gjeld øvrige ytingar får NAV fullmakt til å fastsette rutiner ut frå eit forsvarleg skjønn og kjennskap til kostnadsnivå i kommunane.

## **Formannskapet - 068/19**

### **F - behandling:**

#### **F - vedtak:**

NAV Fensfjorden vil følgje statens rettleiande statsar for økonomisk stønad, med dei reguleringar som blir gjort årleg.

Når det gjeld øvrige ytingar får NAV fullmakt til å fastsette rutiner ut frå eit forsvarleg skjønn og kjennskap til kostnadsnivå i kommunane.

Samrøystes vedteke.

## **Kommunestyret - 042/19**

### **K - behandling:**



# Fedje kommune

## **K - vedtak:**

NAV Fensfjorden vil følge statens rettleiande statsar for økonomisk stønad, med dei reguleringar som blir gjort årleg.

Når det gjeld øvrige ytingar får NAV fullmakt til å fastsette rutiner ut frå eit forsvarleg skjønn og kjennskap til kostnadsnivå i kommunane.

Samrøystes vedteke.